

Doktor Haugen slik du minnest han 17.

26.12.2014



Gjengangar II

Det var nok fleire kvinnelege pasientar som var vel flittige til å kontakta doktoren. Vi føl opp med ei historie frå ei nabobygd. Forteljaren garanterer det er sant då han var i nær slekt med karen som dama var taus hos.

I følgje forteljaren var dama noko hypokonderisk, ja, i tillegg var ho kanskje litt betatt av den hyggelege doktoren. Støtt og stadig måtte ho ha kontakt med legen for di det var noko som feila ho. Heldig var ho derfor som var taus i eit hus der dei hadde telefon, noko som ikkje var vanleg i så mange heimar på den tida.

Ein gong følte ho seg nok skikkeleg dårleg for ho ringte doktoren, og hadde følgjande å melda:

- Nei, no Haugen, no må du komma med ein gong, for no er eg så sjuk at til og med hjarta mitt er stoppa!

- Si meg en ting, (navn)...., hvor ringer du ifra nu da? kom det roleg og spørjande frå dr. Haugen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.